



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2399 - 18/27487

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.09.2018

Oversender søknad om frådelling av våningshus til uttale - gbnr 110/5 Syslak

Tiltak: Areal til bustad
Byggjestad: Gbnr: 110/5 Skornesvegen 44
Tiltakshavar: Lars Hogne Syslak

Saka gjeld søknad om frådelling av våningshuset på landbrukseigedomen gbnr 110/5. I samsvar med søknad skal det delast frå ein parsell på omlag 1 mål. Resterande areal på gbnr 110/5 skal seljast som tilleggsjord til nabobruket gbnr 110/4.

Gbnr 110/5 har i følge gardskartet ein storleik på omlag 336 mål. Gardsbruket har i fleire år vore drifta av nabobruket gbnr 110/4. Bruka har felles grense.

Søknaden omfattar dispensasjon frå arealføremål og pbl § 1-8.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Kommunen har i skriv datert 07.09.2018 bedt om at det vert send inn revidert situasjonsplan der den nye parsellen er målsatt.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er avsett til LNF-føremål, jf. føresegn 4.1 til 4.5. Delar av parsellen vil liggja innanfor ein avstand på 100 meter til sjø.

Veg, vatn og avløp

Eigedomen har avkjørsle til kommunal veg, Skornesvegen. Det er oppgitt i søknaden av bustaden har privat vassforsyning og avløpsløyning. Området er ikkje utbygd med kommunalt VA-anlegg.



VURDERING

Tiltaket er i strid med arealføremålet og pbl § 1-8, og krev at det vert gitt dispensasjon for desse forholda.

Jordlova

Tiltaket krev løyve etter jordlova. Søknaden vert send over til landbruksavdeling for handsaming etter særlov.

Veglova

Det vert lagt til grunn at eigedomen har godkjend avkjøringsløyve til kommunal veg.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om deling - gbnr 110/5 Syslak

Søknad om dispensasjon

Nabovarsel

Kart

Erklæring om rettighet i fast eiendom

gbnr 110-5 Ortofoto 2015

Gbnr 110-5 KDP

Gbnr 110-5 Grunnkart

Kopi til:

Lars Hogne Syslak	Sandviksveien 92	5035	BERGEN
-------------------	------------------	------	--------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga	her		
Planavdelinga			
Vegavdelinga	her		